



Det var bra interesse for hytte-idyllen på Skorpo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skorpo får for kvart år høgare status som hytte-eldorado. Ei ny hytte er teken i bruk for stutt tid sidan og ein reguleringsplan for tre hytter er under utarbeiding for eit område ved nordre Skorpevågen.

Denne helga har det vore visning for ei av dei eldre hyttene, som ligg i ei idyllisk natur-ramme like ved eidet mellom søre og nordre Skorpevågen med flott utsikt i alle retningar.. Like ved er det bygt to nye hytter i dei seinare år.

Ivar Sjetne og Torunn Arnesen Schjetne eig hytta og dei kunne ønskje eit tital interesserte velkommen til visninga i finveret. I prospektet vart det opplyst at verditaksten ligg på halvannen million og det er identisk med antyda pris..

- Vi har flytta frå Bergen og til Øygarden kommune. Med andre ord bor vi faktisk i eit hytteparadis. Dessutan har eg vorte pensjonist. Difor har vi beslutta å seia farvel til hytta på Skorpo, sa Ivar til uskedalen.no.

Men dei har hatt mange fine og minnerike dagar der.. Hytta vart bygt i 1988 og til ho høyrer det båtplass i Uskedalen..

Av Ola Matti Mathisen



Ivar Sjetne og Torunn Arnesen Sjetne sel hytte-idyllen sin på Skorpo. (Foto: Ola Matti Mathisen)